



Jentene syng lagssangen sin etter storsigeren

Det vart målfest då J14-laget til Rosendal/Uskedal møtte Bergen Nord/Hovding i ettermiddagsvarmen på Heio søndag. Heile 16 - 0 vart sluttsigeren til heimelaget etter at stillinga var 6 - 0 ved pause. 16 - 0 er eit resultat vi av og til opplever i 7`ar fotball, men det er sjeldan vi opplever slike utklassingssiffer i 11`ar.



Pauseprat og frukt.

Hovudgrunnen til den store sigeren var at heimelaget er svært gode. Dei kjempar heilt i toppen i pulja si. Det var ikkje motstandarane som var dårlege. Kampen viste også kor viktig det er å ha hurtige og løpssterke kantspelarar. Det har Rosendal/Uskedal i Thea Taranger på høgresida og Hanna Tvilde på venstrevingen. Sistnemnde vart kampens store spelar med heile 6 mål og i tillegg var eit offensivt aktivum. Elles var det ein lagsiger for eit lag med mange gode spelarar. I dag brukte dei 14 spelarar, og alle kom godt frå det. I tillegg var det ein del forfall til dagens kamp.

Det var 5 uskedelingar som spela kampen. I tillegg til nemnde Thea og Hanna var også Andrea Hjelmeland, Amalie H. Rød og Ida Marie Eidsvik(kaptein) med. Sistnemnde stod tidleg opp og reiste heim frå Bø Cup for å få med seg kampen. Camilla M. Ripel og Silje Soldal spelar også på laget til vanleg, men dei var bortreist.

Måla kom slik:

- 1 - 0, 5 min. Hanna Tvilde
- 2 - 0, 7 min. Guro Leganger
- 3 - 0, 11 min. Ina Sandvik
- 4 - 0, 13 min. Hanna Tvilde etter soloraid
- 5 - 0, 25 min. Thea Taranger som like før hadde ein susar i tverrliggjaren.
- 6 - 0, 33 min. Hanna Tvilde
- 7 - 0, 36 min. Hanna Tvilde
- 8 - 0, 39 min. Ina Sandvik
- 9 - 0, 41 min. Ina Sandvik
- 10 - 0, 48 min. Hanna Tvilde
- 11 - 0, 49 min. Hanna Tvilde
- 12 - 0, Ina Sandvik
- 13 - 0, Guro Leganger
- 14 - 0, Thea Taranger langskot frå skrått hald
- 15 - 0, Marte Bøyum
- 16 - 0, Sigrid Øyre

Preben Heimvik frå Trio dømde kampen, og han kom godt frå oppgåva.

Mange av jentene sprang imponerende mykje i den sterke sommarvarmen. Svært fornuftig og nødvendig var

det at det var lagt inn drikkepausar midt i kvar omgang. Desse brukte jentene både til drikking og dusjande nedkjøling. Etter kampen bar det rett til Sandakaien og båthamna for bading.

I slutten av juli reiser J14-laget til Oslo og Norway Cup. Også der skal dei spela 11`ar. Det verkar som ei svært fornuftig vurdering av trenar Tor Gundersen og staben hans. Fleire får spela, motstanden vert tøffare, men eit kortsiktig mål om finaleplass vert vanskelegare. Dei er hamna i ei knallsterk pulje med Mahare United, Sogndal, Jardar som er eit toppslag i 1.div. og Nittedal. Det vert ei kjekk oppleving og ei flott utviklingsturnering for jentene



Drikke og kjølepausane gjorde godt! Thea og Hanna



Godt å vri svampen og kjøle panna! Ida Marie.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland